

Referat Kviteseid sokneråd onsdag 1. juni

kl 18.00-22.30

Desse var til stades:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen, 1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn og sokneprest Hallvard N. Jørgensen.

Sokneprest Rune Lia (vikar var til stades frå sak nr 38/16.

Kommunens representant Tore Åsland var til stades på fellesrådsakene (FR).

Mailkopi til ny revisor Mariann Todal.

Opning ved Hallvard Jørgensen

Sak 29/16 (SR)	Innkalling og saksliste	HB
	<p>Sakshandsamar si innstilling: Innkallinga og sakslista vart godkjend .</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Som innstilt.</p>	
Sak 30/16 (SR)	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 06.04.2016	HB
	<p>Sakshandsamar si innstilling: Referatet frå soknerådsmøtet 06.04.2016 vart godkjend.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Som innstilt.</p>	
Sak 31/16 (SR)	Post og meldingar	HB
	<ol style="list-style-type: none">1. Ansvar- og ulykkesforsikring 2016. Orientering frå KA2. Beredskapstelefon prestane. Utvida område. Nytt tlf.nr.3. Vask og maling av Brunkeberg kyrkje. Ref. Bispevisitasmeldinga4. Oversikt over Gudstenestene5. Jubileumsprogram og oppgåver til soknerådet6. Status ny prestestilling7. Sjølvanningskasser til gravene med avtale om stell8. Byte av tilhengjar.9. Våpenhuset i Kviteseid, benker og informasjon10. 4 sumarhjelpere er avtala arbeidsveker med.11. Kyrkjevergen har vore på kurs.12. Purring Festeavgift. <p>Tilførd etter innkalling:</p>	KS KS KS HB/KS HB HB KS KS KS KS KS

	<p>13. Utlån av kyrkjetekstilar av Gunvor Mandt til utstilling i Vrådal ved Husflidslaget i høve hennar 90 års dag.</p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Orienteringane vart tekne til vitande.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Orienteringane vart tekne til vitande.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ansvar- og ulykkesforsikring 2016 for frivillige i kyrkja er innført frå KA 2. Beredskapstelefon prestane. Utvida område til heile Telemark som eit beredskapsområde. Nytt tlf.nr. 95463232 3. Vask og maling av Brunkeberg kyrkje. Ref. Bispevisitasmeldinga. Det er planen å vaske kyrkja og måle mest mogleg hausten 2016 4. Oversikt over Gudstenestene er blitt om lag som foreslege frå soknerådet. Spesielle ynskjer er tatt med. 5. Jubileumsprogram og oppgåver til soknerådet. Innkjøp av blommar m.m., og praktiske oppgåver er fordela. 6. Status ny prestestilling. Ingen aktuelle søkjarar for tida. Ny utlysing til hausten Rune Lia fungerer truleg som vikar ut året. 7. Sjølvanningskasser til gravene med avtale om stell vert satt ned nå. Utgiftene dekkes av legata. 8. Byte av tilhengjar: Ny hengjar med lågare registrera vekt erstattar eldre. Mellomlegget finansierast ved sal av en tripod (personlyftar) som ikkje brukast. 9. Våpenhuset i Kviteseid, benker er fjerna i høve målingsarbeid. Innformasjonstavle setjast opp. 10. 4 sumarhjelpere er tilsett. Arbeidar to og to.. 11. Kyrkjevegen har vore på kurs. Svært nyttig, men tek mykje av den bergensa arbeidstida. 12. Purring Festeavgift. Ubetalte i des. 2015 vert purra våren 2016. Ubetala i 2014 og 2013 vert utsende på nytt i 2016. 13. Utlån av kyrkjetekstilar av Gunvor Mandt til utstilling i Vrådal ved Husflidslaget i høve hennar 90 års dag. 	
Sak 32/16 (SR/FR)	Regnskapsrapporter 1. kvartal 2016	HKA / KS
	<p>Regnskapsrapport for 1. kvartal for soknerådets kyrkjelydsarbeid blir presentert av Hans Kristian Aabø som var kasserar i denne perioden.</p> <p>Enkel rapport frå fellesrådet blir lagd fram av kyrkjevegen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Til løn og sosiale utg. er det bruka 24 % (av ideelt 27,7 %) • Driftsutgiftene er på om lag 29 % (25 %) • Brutto resultat viser eit underforbruk (overskot) på kr 50.772 <p><i>Vedlegg: Rekneskapsrapport jan-mars 2016 frå Soknerådet, og jan-mars frå Fellesrådet</i></p>	

	<p>Sakshandsamar si innstilling: Dei framlagde rapportane vart tekne til vitande. Soknerådet takkar Hans Kristian Aabø for mange års trufast og godt gjennomført teneste som kasserar for soknerådet og leiar for fellesrådet.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Som innstilt.</p>	
Sak 33/16 (FR)	Revidert budsjett 2016	KS
	<p>Hausten 2015 vart det laga og vedteke eit budsjett for Fellesrådet. Så hadde kasserar i soknerådet klart eit budsjett for soknerådet for vedtak tidleg i 2016. Då Kviteseid frå nyttår 2016 vart ein eit-sokn-kommune, gjeld <i>Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den Norske Kyrkje av 01.01.2014 (Kyrkrjelova)</i></p> <p>§4-1 «.. Menighetsråd i ettsognskommuner skal hvert år fremme et samlet forslag til kommunen om bevilninger...».</p> <p>§4-3: «..Årsbudsjettet er en bindende plan for rådets midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. ..innen årets begynnelse..»</p> <p>§4-3. Årsbudsjettets innhold. «Årsbudsjettet skal omfatte all den virksomhet rådet har ansvar for, være realistisk.. Det skal vedtas separate drifts- og investeringsbudsjett dersom det skal foretas investeringer i budsjettåret»</p> <p>Av di dette vart klart for det nye soknerådet fyrst i mars 2016, vart det i SAK 12/16 (FR) den 02.03.2016 vedteke at «Frå 01.04.2016 skal soknerådet ha eit felles rekneskap og budsjett»</p> <p>Dei midla dei tidlegare sokneråda rådde over, vart frå denne dato slegne saman og gjort tilgjengelege saman med midla til tidlegare fellesråd. Frå same tid vart også arbeidet med å lage eit samla budsjett starta. Det vert nå berre lagt fram eit revidert <u>driftsbudsjett</u>, og ikkje noko investeringsbudsjett for 2016 av di ein ikkje reknar med større investeringar i inneverande år enn kr 100.000. (For investeringsbudsjett: Sjå neste sak)</p> <p>Det revidera budsjettet er satt opp med dei 4 avdelingane side ved side, med samanlikningstal frå fellesrådet sine rekneskap frå 2014 og 2015, og fellesrådet sitt opphavelige budsjett for 2016. Budsjettet for soknerådet for 2016 og for kyrkjejubilea er tekne med i det samla budsjettet og kjem fram som samla-tal i kolonne «113 Andre kyrkjelege føremål». Detaljane vises i eigne vedlegg.</p> <p>Av dei oppsparte midlane i bank frå dei gamle sokneråda, må soknerådet nå gjere vedtak om kva midlar som skal setjast av på bundne fond og kva som ikkje skal det. Kyrkjevergen foreslår at kr 30.000 oppspart frå Kviteseid, går til ny messehakel og ny fløyel på altarring i Kviteseid kyrkje. Oppsparte midlar frå Fjågesund, kr 10.482 går til 100 års jubileet no i år, kr 13.264 frå Vrådal går til arbeid med ikona som er bestilt. Pengar på konto for jubileet går til</p>	

dekking av utgifter med jubileet.

Budsjett for jubileet slik det er oppsett av Jørgen Moen, balanserar med kr 95.000 i inntekter og utgifter, og for jubileumboka kr 160.000 i inntekter og utgifter (sjå vedlegg)

Budsjettet for kyrkjelydsarbeid åleine er satt opp med eit underskot på kr 22.600 (sjå vedlegg), men dette er ein del av heilskapen i det samla budsjettet.

Kommunen sine tilskot er

- kr 597.000 til (110/41) Kyrkjeleg administrasjon og dekker 66 % av utgiftene på kr 903.000
- kr 1.194.000 til (111/42) Kyrkjer, dekker 69 %
- kr 1.170.000 til (112/43) Kyrkjegardar, dekker 123 %
- kr 153.000 til (113/44) andre kyrkjelege formål dekker 17 % av utgiftene. Kr 50.000 av desse er ekstraordinære til jubilea.
- Tenesteytingsavtala er verdsatt til kr 148.000.

Vedlegg:

1. Soknerådets utarbeida budsjett (før samanslåing),
2. budsjett for kyrkjejubilea, og
3. Oversikt bankkonto gamle sokneråd
4. Soknerådets forslag til budsjett for 2016, detaljert
5. Soknerådets forslag til budsjett for 2016, på overordna nivå, slik det er ynskjeleg at vedtaket skal vera.

Sakshandsamar si innstilling:

Soknerådet vedtek samrøystes:

- fylgjande midlar frå dei gamle sokneråda og fellesrådet vert avsett på bundne fond:
 1. Kr. 252.120 til Kviteseid kyrkjelyd
 2. Kr. 22.566 til Brunkeberg kyrkjelyd
 3. Kr. 70.000 til kyrkjemusikk i soknet
- Meirforbruk i 2015 på kr 50.900 på driftsbudsjettet, dekkes inn av disposisjonsfondet for å få regneskapsmessig balanse
- På investeringsbudsjettet for 2016 var det oppført kr 180.000 til brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje. Då det ikkje er løyva noko frå kommunen til dette, overførast investeringa til budsjettet for 2017. Då står det berre att kr 10.000 på investeringsbudsjettet til kjøp av aksjar i pensjonsfondet KLP. Dette hentast som vanleg frå disposisjonsfondet. (Jf. vedlegg neste sak)

VEDTAK I SOKNERÅDET: Samrøystes.

- Fylgjande midlar frå dei gamle sokneråda og fellesrådet vert avsett på bundne fond:
Kr. 252.120 til Kviteseid kyrkjelydsarbeid
Kr. 22.566 til Brunkeberg kyrkjelydsarbeid
Kr. 70.000 til kyrkjemusikk i soknet,

	<p>Kr. 10.482 til Fjågesund kyrkjelydsarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny messehaket vert kjøpt inn til Kviteseid, men ikkje ny fløyel til altarringen. Det endrar litt på budsjettet, men ikkje på 'bunmlinja'. • Meirforbruk på kr 50.900 på driftsbudsjettet, dekkes inn av disposisjonsfondet for å få rekneskaps messig balanse • På investeringsbudsjettet for 2016 var det oppført kr 180.000 til brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje. Då det ikkje er blitt løyva noko frå kommunen til dette, overførast investeringa til budsjettet for 2017. Då står det berre att kr 10.000 på investeringsbudsjettet til kjøp av aksjar i pensjonsfondet KLP. Dette hentast som vanleg frå disposisjonsfondet. (jf. vedlegg neste sak) 	
Sak 34/16 (FR)	Budsjettarbeid 2017 og Økonomiplan 2017-2020	KS
	<p>Kyrkjevergen utarbeider dei neste monadene</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forslag til budsjett for 2017, drift og investering (for godkjenning i soknerådet hausten 2016) • Økonomiplan for 2017-2020 Drift og investering. Fylgjande vert då tatt med på investeringsplanen (jf. Bispevisitasrapporten frå 2016): <ul style="list-style-type: none"> ○ Rehabilitering av taka på Gamle-kyrkja og på Vrådal kyrkje (2017-2018) ○ Ny mur ved Brunkeberg kyrkjegard (2019) ○ Brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje, noko brannvesenet i fleire år har etterlyst (2016->2017) ○ Reperasjon og forsterking av blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje (2017) ○ Rullestolinngang Kviteseid kyrkje stod på planen i 2014, men er ikkje førd opp seinare. <p>Vedlegg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Økonomiplan 2017-20 Investering 2. Økonomiplan 2017-20 Drift <p>Sakshandsamar si innstilling:</p> <p>Investeringsplanen for 2017-20 er vedteke som forslag til kommunen si samla investeringsplan for same periode. Endelig versjon vedtas etter vedtak om løyving frå kommunestyret i årsskiftet 2016-2017. For driftsbudsjett 2017-2020 ynskjer soknerådet at naudsynte tiltak vert gjort for å få samla brutto resultat kvart år i null eller med underforbruk (overskot)</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Investeringsplanen for 2017-20 er vedteke som foreslegen, som eit forslag til kommunen si samla investeringsplan for same periode. Endeleg versjon vert vedteke etter løyving frå kommunestyret i årsskiftet 2016-2017. For driftsbudsjett 2017-2020 ynskjer soknerådet at naudsynte tiltak vert gjort for å få samla brutto resultat kvart år så nær null som mogeleg.</p>	

Sak 35/16 (FR)	Økonomireglement Kviteseid Sokneråd	KS
	<p>Etter «Forskrift om økonomiforvaltningen i kirken» av 01.01.2014, §8, skal soknerådet fatta vedtak om økonomiforvaltningen i soknet i eige økonomireglement. Det skal minst innehalde noko om</p> <ul style="list-style-type: none"> • delegering av myndigheit • utabeiding av budsjettforslag til kommunen • vedtak og endring av årsbudsjett • intern rapportering og budsjettoppfølging <p>Forslaget til Økonomireglement for Kviteseid Sokn er utarbeida av andre og tilpassa lokale forhold i eige sokn som einaste sokn i kommunen, på kyrkjekontoret og i Kviteseid kommune. Dette reglementet erstattar eventuelle eldre reglement frå fellesråd og sokn.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Forslag til Økonomireglement for Kviteseid Sokn</p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Det framlagde økonomireglementet vart samrøystes vedteke.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Gamalt økonomi-reglement for sokneråd og fellesråd blir erstatta med nytt. Det framlagde økonomireglementet vart samrøystes vedteke. Kyrkjevergen legg til neste møte fram forslag til rutine for bruk av dei bundne fonda.</p>	
Sak 36/16 (FR):	Maling av Fjågesund kyrkje	KS
	<p>I 2015 vart det gjort noko målingsarbeid på Fjågesund kyrkje. Noko vart avtale fullført våren 2016. Det fortsett målaren Carlos med nå i mai/juni 2016 og skal etter planen verta ferdig til jubileet. Det vart i 2015 ikkje avtala å måle alt då det ikkje vart satt av nok midlar til dette. Med berre ferdigstilling av det som er avtala i 2015, vil kyrkja stå fram som halvmåla og lappa på. Det vart då bruka ca. 70.000 kr til målaren i tillegg til innkjøp av måling og leige av lift.</p> <p>Ved befaring saman med målaren nå i mai 2016, konkluderer kyrkjevergen med at arbeidet bør gjerast ferdig før jubileet. Kyrkja vil med dette framstå som fin og godt vedlikehalden utvendig. Det vil då vere mange år til kyrkja treng ny behandling utvendig. Av taka er det berre ein av dei største flatene <u>som står att</u>. Av vegger er det berre langveggen mot parkeringa <u>som er ferdig</u>, og av gul kontrastfarge rund vindauga, på utsmykking og gesims står det meste att.</p> <p>For å gjere ferdig alt med 4 lag på tak, to lag på det gule og 1-2 lag på veggene, vil det krevje om lag nye kr 70.000 (netto) i tillegg til måling/tjære/beis og leige av lift. Nedste del av veggene tas berre eit strøk no.</p>	

	<p>Sakshandsamar si innstilling: Soknerådet ynskjer at målingsarbeidet på Fjågesund kyrkje fullførast før jubileet. Pengane tas frå alm. vedlikehaldsbudsjett for kyrkjene (12300/111) og vil utgjere om lag kr 100.000 av det samla meirforbruket (underskot) som er budsjettet med i 2016 (revidera).</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Soknerådet ynskjer at målingsarbeidet på Fjågesund kyrkje fullførast før jubileet. Pengane tas frå alm. vedlikehaldsbudsjett for kyrkjene (12300/111) og vil utgjere om lag kr 100.000 av det samla meirforbruket (underskot) som er budsjettet med i det revidera budsjettet for 2016.</p>	
Sak 37/16 (FR):	Kommunerepresentanten si rolle	HB/TÅ
	<p>Kva rolle har kommunen sin representant i soknerådet? Av di mange i rådet og kyrkjevergen er nye, er det ynskjeleg med ein klargjering av kva rolle denne har. Vi er glad for dei bidrag representanten gjev i sakene om budsjett og rekneskap. Er representanten kommunens sitt talerøyr i soknerådet, soknerådet sitt talerøyr inn i kommunen, eller ein blanding.</p> <p>Kommunerepresentanten Tore Åsland informera om si rolle i soknerådet som ei blanding av å vera kommunens sitt talerøyr i soknerådet, og soknerådet sitt talerøyr inn i kommunen. Soknerådet er glad for at Åsland sit i formannskapet.</p>	
Sak 38/16 (FR):	Ikonar til Vrådal kyrkje	HNJ
	<p>Sokneprest i Vrådal, Hallvard N Jørgensen gjer greie for saka:</p> <p><i>Vedlegg:</i> Hallvard si utgreiing</p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Soknerådet bed rådgevar Kvarstein på bispekontoret om å kome på ei befaring til kyrkjerommet så snart han har tid. Han gjev ei endeleg uttale om plassering o. a. og ev. godkjenning. Ved neste møte tek soknerådet (endeleg) stilling i saka.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Soknerådet tek nå ansvar for saka og ynskjer å gå vidare med den slik tidlegare sokneråd i Vrådal har vedteke. Produksjonen av ikona fortsett. Soknerådet ynskjer ein innsamling/ofring til kunstnaren som elles gjev arbeidet i gåve til Vrådal. Vi betalar berre for arbeidet andre gjer på ikona. Dei er venta ferdig komande årsskifte.</p>	
Sak 39/16 (SR):	Trusopplæringsplanen og utvalet	HB
	<p>Det er møte tysdag 31.mai i Trusopplæringsutvalet med gjennomgang av forslaget til Trusopplæringsplan. På soknerådsmøtet 1.juni vil planen bli lagd fram for gjennomsyn</p>	

	<p>og drøfting.</p> <p><i>Vedlegg: Trusopplæringsplanen (blir lagd fram på møtet)</i></p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Soknerådet takkar Prosjektleiar Stine Beate Mondal Ljosland for arbeidet som er lagd ned med planen.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Trusopplæringsplanen er i innspurten. Eit ferdig forslag blir før sumaren sendt ut til soknerådet på høyring, og ein tar sikte på vedtak av denne på neste møte. Planen fremstår som noko uoverkommeleg med tanke på at presteresursen blir sterkt redusert nå frå juli. Vi ynskjer likevel at den skal skrivast slik, for trusopplæringsutvalet kan komme sterkare på banen, og tilsett-ressurs kan bli endra. Soknerådet finn i sommar kandidatar for å styrkje trusopplæringsutvalet med tre nye kandidatar frå dagens tre.</p>	
<p>Sak 40/16 (SR)</p>	<p>Kva vil vi bruke kyrkjene til?</p>	<p>HB</p>
	<p>Kor mykje og kva slags arrangement skal kyrkjene kunne brukast til? Vi får gjennom året mange spørsmål om å halde konsertar i kyrkjene, og nokre spørsmål om teateroppsetjingar. Går det nokon grenser for kva vi ynskjer å tillata i kyrkjene, og i tilfelle kvar går denne grensa? Kyrkja er til for «å vekke og nære det kristne liv».</p> <p>Det er <u>soknerådet</u> som rår over bruken av kyrkja. <u>Soknepresten</u> avgjer om tekstinnhaldet kan godkjennast, og <u>Kantor/organist</u> avgjer om det musikalske kan godkjennast. (I «Håndbok for sokneråd og kyrkjeleg felle råd», står «Bruk av kirken» omtala i punkt 3.12)</p> <p>Denne saka er blitt aktualisera med konsertar som er haldne og som kjem, og med teaterframsyning som kjem. Det er viktig at soknerådet seier noko om kva dei vil handsama sjølv, og kva dei gjer kulturutvalet fullmakt til å handsama. Det er pr. i dag takka ja til fylgjande (Marit G supplerer eventuelt under møtet):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsert med Lars Bremnes 25. mai i regi av Flyktningkontoret (ferdig før møtet) • Konsert med Operagutta søndag 26. juni • Konsert ved søskena Solberg og Jan G Haugen 23. okt. • «Brand» av Henrik Ibsen ved Teater Ibsen 8. nov. <p>I tillegg har leiar av kulturutvalet og kyrkjevergen har takka <u>nei</u> til «Mannen med det store hjertet» av Erik Bye ved Teater Ibsen, i regi av Kviteseid Pensjonistlag 18. oktober, -mellom anna fordi det kom for tett på konsert 23. okt. Vi fekk også forespurnaden via Teater Ibsen utan å ha høyrd noko frå pensjonistlaget. Vi har anbefalt dei å ha dette på Sundvang.</p>	

	<p>Samtale</p> <p><i>Vedlegg:</i> Mail med vedlegg frå Teater Ibsen. Uttale frå sokneprest Rune Lia (svar til Teater Ibsen) kjem på møtet.</p> <p>Kyrkjevergen beklagar at dette vedlegget ikkje blei send ut.</p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Kulturutvalet har vide fullmaktar til å takka JA til konsertar med innhald som er forenleg med kyrkja si bodskap. Er utvalet i tvil, kan dei drøfte med sokneprest, organist, leiar av soknerådet eller kyrkjevergen. Dersom dei fortsatt er i tvil, skal saka leggjast fram for soknerådet. Kulturutvalet syter for at alle tekstar og musikk blir førlagd soknepresten og organisten for godkjenning <u>før</u> ein takkar ja til arrangementet når eksterne skal ha konsert eller teaterframsyning.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Kulturutvalet har vide fullmaktar til å takka JA til konsertar med innhald som er forenleg med kyrkja si bodskap. Er utvalet i tvil, kan dei drøfte med sokneprest, organist, leiar av soknerådet eller kyrkjevergen. Dersom dei fortsatt er i tvil, skal saka leggjast fram for soknerådet.</p> <p>Soknepresten fortsett dialogen med Teater Ibsen om «Brand» av Henrik Ibsen. Det leggjest opp til ein dialogsamtale om aktuelle trus-spørsmål etter teaterframsyninga.</p>	
<p>Sak 41/16 (SR)</p>	<p>Kjøp av salmebøker og bruk av projektor</p>	<p>KS VSM</p>
	<p>I Kviteseid kyrkje har vi av nye salmebøker 30 blå og 40 raude. Det er komne inn ynskjer om anskaffing av fleire salmebøker då det ved fleire høve har vore for få.</p> <p>Dei tilsette i kyrkja har på <u>stabsmøtet 10. mai tilrådd</u> at det vert kjøpt inn 30 nye (raude) salmebøker med noter.</p> <p>Bruken av prosjektoren vart også drøfta, og det vart anbefala at presten(e) bruker denne noko meir enn til berre familemessene. Ny programvare er blitt installert i PC-en, og den skal oppbevarast på kyrkjekontoret slik at program for messene enkelt kan leggjast inn.</p> <p>Prosjektoren krev at det er fleire friviljuge som styrer PC-en.</p> <p>Innlegg ved Vidar Syrtveit Mikalsen under møtet.</p> <p>(PS: Ein dårleg kontakt mellom PC og projektor må ordnast.)</p> <p>Sakshandsamar si innstilling: Soknerådet går inn for at det vert kjøpt inn 30 nye salmebøker til Kviteseid kyrkje. Pengane vert tekne frå gamle oppspara midlar frå gamle Kviteseid sokneråd. Soknerådet anbefaler også prest å bruke</p>	

	<p>PC og projektor noko meir, og vil syte for å etablere hjelparar til å styre PC-en under messene.</p> <p>VEDTAK I SOKNERÅDET: Som innstilt.</p>	
Sak 42/16 (SR)	Eventuelt	
	<p>Soknerådsmøta hausten 2016 blei ikkje bestemt, men neste møte er tidlegare sett til onsdag 24. august kl 18.00</p> <p>Det vart oppretta komité for avskjedsfest for sokneprest Hallvard N Jørgensen. Avskjedsmessa med Jørgensen vert i Brunkeberg kyrkje søndag 26. juni kl. 11.00. Etterpå vert det fest på Misjonshuset i Kviteseid med konsertinnslag av Jørgensen</p> <p>Spørsmål frå sokneprest om soknerådet kan støtte fem konfirmentar med kr. 3500 for opphald på konfirmantleir der dei får god leiartrening. Soknerådet gjekk inn for det.</p> <p>Evaluering av 17.mai. Hans Kristian Aabø representerar soknerådet på evalueringsmøte hos ordføraren.</p>	